



Vokalensemblat GLIMRAH med sin musikalske leiar Maria Malmsten.

I kveld, måndag 31. august kl. 19.00 er det Husnes sin tur med sommarkonsert. Aktørane er kjende for oss i Uskedalen, kantor Eva Megyesi og vokalensemblat GLIMRAH med deira musikalske leiar Maria Malmsten. Kantoren lovar oss svingande musikk, mellom anna med bakgrunn to salmar. GLIMRAH syng eit blanda repertoar, alt frå folketonar til renessansemusikk.

Eva Megyesi er kantor i kyrkja i Kvinnherad. Ho er musikalsk leiar for kyrkjekoret Nordsaang, kvartetten ÆRE og for Rosendal Songlag. Ho vil på konserten i Husnes kyrkje framføra Chr. M. Widor Symfoni nr. 6 del 1 og 5 og variasjonar over salmane Vår Gud han er så fast ei borg og Gud vi er kommet i ditt hus. I tillegg kjem det nokre valsar med jazzprega rytmar.

GLIMRAH med songarane Gjertrud Sydnes Furdal, Lene Taranger, Ingvild Toskedal, Renate Koløy, Lina Frimannslund Storegjerde, Hallgjer Hegland Koefod og Maria Malmsten syng mellom anna Eg veit i himmelrik og En lilje ute Dalen med musikk frå folketonane. Det vert musikk av Grieg og den lokale komponisten Kjersti Follesø. Dessutan vil ein få høyra tekstar av Olav H. Hauge, B. Bjørnson, D.C. Wiren og Odd J. Overøye. Alt vert framført a capella.



Kom og høyr kantoren, Eva Megyesi, som køyrde til Berlevåg for å spela konsert i sommar.
Alt ligg til rettes for ein fin konsert i Husnes kyrkje i kveld, måndag 31. august kl. 19.00. Gratis inngang. Det er høve til å gje ei gåve via VIPPS.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Arkivfoto